

Forsand kommune
4110 FORSAND

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **29 MAR 2010**
Vår ref.: NVE 201000510-2 ki/kha
Arkiv: 313
Dykkar dato: 24.03.2010
Dykkar ref.: Årstein Løland

Sakshandsamar:
Kristin Haugen
22 95 94 23

Uttak av grunnvatn til Forsand vassverk, Forsand kommune, Rogaland – vurdering av vidare sakshandsaming

Vi syner til melding av 24.03.2010 om uttak av grunnvatn til Forsand vassverk – Vassryggen. NVE vil på bakgrunn av opplysningane i søknaden vurdere om utbygginga medfører behov for å setje vilkår etter vassressurslova § 26, og dermed vidare konsesjonshandsaming.

NVE si vurdering

Med heimel i vassressurslova § 20, bokstav d, og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vurderer NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8, men kan gjennomføres med forankring i gjeldande reguleringsplan for området.

Følgjande føresetnader gjeld for vurderinga:

- Tiltaket vert sett i verk i samsvar med dei planane som tiltakshavar har lagt fram slik at uttaket av grunnvatn ikkje overstig 900 m³/døgn.
- Overvaking av grunnvassnivå og rapporteringa til NVE som er beskrive i kapittel 6 i meldinga må følgjast opp.
- Tiltaket har inga følgjer for allmenne interesser.

Grunngjeving for vurderinga

Vassuttaket er i seg sjølv konsesjonspliktig etter vassressurslova § 45, bokstav b, men vurderast å være av en slik art og omfang at det ikkje er naudsynt å sette vilkår utover dei som automatisk går frem av vassressurslova, dei reglane som er gjeve i gjeldande reguleringsplan for området og dei planane for overvaking som er gjeve i meldinga.

Vidare sakshandsaming

NVE si konklusjon byggjar på dei opplysningane som er gjeve frå tiltakshavar. Ved endringar i drift må ny melding sendast så NVE kan vurdere bruk av lova på ny. Utbygging i strid med føresetnadene for vedtaket kan vera brot på vassressurslova og kan krevjast retta, jf. vassressurslova § 59 og/eller straffast, jf. vassressurslova kapittel 13.



Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket skjer i medhald av gjeldande reguleringsplan, gjeld reglane i vassressurslova § 5 om aktsemd og § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg. Vi syner også til reglane i vassressurslova kapittel 8, som spesielt omhandlar tiltak i grunnvatn.

Vi gjer og merksam på at kommunen sjølv må ordna tilhøva til dei private interessene som eventuelt blir skadelidande som følgje av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva, dvs. om kommunen har dei naudsynte rettigheta, om andre har vassuttak som blir påverka o l.

Klageåtgang

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, men ei vurdering i bruk av lovverk for handsaming, og kan såleis ikkje påklagast.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef
Kristin Haugen
avdelingsingeniør

Kopi: Asplan Viak AS, v/Rolf E. Forbord, Postboks 6723, 7490 Trondheim
Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger